

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016

**Aud Karin Oen (SV)** sette på vegner av SV, A, Sp og KrF fram slikt forslag:

"Nytt punkt:

Fylkesutvalet føreset at nye tiltak sikrar kopling med kollektivtrafikk mellom Varden, Hesjaholtet, Myrholtet og vidare mot Spelhaugen for tilgjenge til servicefunksjonar her."

**Anne Beth Njærheim (V)** sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt:

Fylkesutvalet ber om at Skyss skal ha dialog med kommunane når det gjeld endringar av linjer, og at lokale behov må vega tungt når linjer vert endra."

### Røysting

Innstillinger vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (Frp, H, V, MDG).

Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet er nøgd med at det er gjennomført dialogmøte med representantar for innbyggjarinitiativet på Varden, og at dette har gitt større klarheit i problemstillingane knytt til rutetilbodet på Vardenområdet som følgje av omlegging av linje 4.
2. Konkrete tiltak vil bli lagt fram i samband med sak om bruk av auka rammer til styrking av rutetilbodet i Bergen. Tiltak vil tidlegast bli sett i verk i samband med årleg ruteendring i august.
3. Det vert ikkje vurdert nye endringar på trasé for linje 4.
4. Fylkesutvalet føreset at nye tiltak sikrar kopling med kollektivtrafikk mellom Varden, Hesjaholtet, Myrholtet og vidare mot Spelhaugen for tilgjenge til servicefunksjonar her.
5. Fylkesutvalet ber om at Skyss skal ha dialog med kommunane når det gjeld endringar av linjer, og at lokale behov må vega tungt når linjer vert endra.